



Nokre har det no ryddig og fint på Børnes (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen ved saksbehandlar Jarle Fossheim har no – i tråd med sterke politiske signal – teke initiativ til ei opprydding på Børnes industriområde i Uskedalen. I eit brev til eigarar og brukarar av tomter der inviterer Fossheim til ei synfaring på området tysdag 12 februar..

- Med bakgrunn i synfaringa vil det verta sett opp ein plan med omforent tidsfrist for opprydding av dei ulike tomtene, opplyser Fossheim i brevet.

I eit tilbakeblikk viser han til at området vart regulert og innkjøpt av kommunen på 1980-talet .Han minner så om at det i den siste tida både politisk og lokalt har vore sett fokus på å utvikla Børnes til å verta eit attraktivt område å etablere seg.

- Eit mål i prosessen med å vidareutvikla Børnes er å la området framstå som eit ryddig og tiltalende industriområde, både for dei etablerte og ikkje minst for dei som ynskjer ei nyetablering, skriv Fossheim, men han legg til:

- Før vi kan nå eit slikt mål må det erkjennast at det tidvis både er og har vore lagra mykje lausøyre på området som det for utanforståande er vanskeleg å sjå verdi og nytte av.

I den seinare tid har det vore to tomtosal på Børnes og seinast i førre veka bad ein av tomteeigarane kommunen om ei utviding av tomta si med tre dekar.

Det har også til dels kome i gang ei opprydding på området, men det står enno mykje att i så måte.

Av Ola Matti Mathisen



....men det er slett ikkje tilfelle med alle.....(Foto: Ola Matti Mathisen).